# Egenmeldingsskjema for oppfølging av skogeiers foryngelsesplikt i forskrift om bærekraftig skogbruk

ODD GJERDE
SLETTEVEGEN 883

5939 SLETTA

14 OKT. 2022

Kontrollår: 2022
Fylke: VESTLAND
Kommune: Alver

## Data fra skogfondsregnskapet: Avvirkning og planting/markberedning.

Skogfondskonto: S4631-1252

Saldo pr d.d.: 9 960,00

| | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|
| Avvirkning, gran (m3) | 265 | 0 | 0 |
| Planting (antall) | 0 | 900 | 0 |
| Markberedning (daa) | 0 | 0 | 0 |

## Skogeiers egenmelding.

Hvis det ikke er planlagt og tilrettelagt for naturlig foryngelse, skal sluttavvirkninger som er gjennomført i 2019 være tilplantet i løpet av 2022 (jf. Forskrift om berekraftig skogbruk)

Angi årsak(er) til at planting ikke er gjennomført/registrert for avvirkning utført i 2019

Sett kryss for årsak og sett inn år der det er relevant:

| | Ja | |
|---|---|---|
| Rotsalg som ikke er avvirket. | ( ) | |
| Salgsvolumet er avvirket i tynning. | ( ) | |
| Salgsvolumet er avvirket i veilinje, kraftlinjehogst eller hogst i | ( ) | |
| Arealet er omdisponert til nydyrking. | ( ) | |
| Arealet er omdisponert til innmarksbeite og tatt i bruk. | ( ) | |
| Arealet er omregulert til bolig, veier eller industriområde. | ( ) | |
| Annet (bruk merknadsfelt under) | ( ) | |
| Har tilrettelagt for naturlig foryngelse. | ( ) | |
| Har kjøpt planter utenom skogfondsystemet. | ( ) | |
| Planlegger planting på et senere tidspunkt (angi år) | ( ) | År: |

Merknad: (Dersom du markerer flere alternativer, bør du angi en omtrentlig andel som hver av disse v2.1

Det har blitt utført planting i -20 også brukt midlar frå skogfond til det.

Dato: 12/10 Underskrift: Odd Gjerde

Tilbakemelding sendes til: Alver KOMMUNE

UKJENT

Du kan også scanne utfylt egenmeldingsskjema og sende på e-post til:
marie.skogrand@alver.kommune.no;mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

ODD GJERDE
SLETTEVEGEN 883

5939 SLETTA

ALVER
KOMMUNE
14 OKT. 2022

ALVER
KOMMUNE

Til skogeigar

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7195 - 22/76684

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
06.10.2022

## Varsel om foryngingskontroll på din eigedom

Som skogeigar har du plikt til å gjennomføra nødvendige tiltak for å sikra tilfredsstillande forynging innan tre år etter hogst. Dette vil som oftast innebere at ein må planta ny skog på hogstflata. Det er og mogleg å bruka naturleg forynging der forholda ligg til rette for det, men dette må planleggast og gjennomførast på ein god måte for å få eit tilfredsstillande resultat. Skogeigar si plikt til å forynge er heimla i lov om skogbruk § 6 og forskrift om berekraftig skogbruk kap. 3 (§§ 6-8).

<u>Bakgrunn:</u>
Statsforvaltaren i Vestland har saman med Alver kommune gått gjennom registrerte data i skogfondsystemet for hogst av gran og foryngingsarbeid på din eigedom. Vi har ikkje registrert noko foryngingstiltak på din eigedom etter den registrerte avverkinga i 2019.

Forklaringar på dette kan vere:

- Avverkinga er tynningshogst
- Arealet er tilrettelagt naturleg forynging
- Arealet er omdisponert til andre føremål enn skogproduksjon
- Arealet er planta utan bruk av skogfond
- Andre alternativ som kjem fram av eigenmeldingsskjema

**Vi ber deg gje ei tilbakemelding på kvifor det ikkje er registrert foryngingstiltak etter hogst på din eigedom. Fyll ut vedlagte eigenmeldingsskjema og returner dette til Alver kommune <u>innan 01.11.2022.</u>**

Adresse: Alver kommune, Landbruk, postboks 4, 5906 Frekhaug
eller per e-post til: post@alver.kommune.no

Spørsmål om kontrollen kan rettast til landbruksavdelinga ved Marie Skogrand eller Mikkel Bengtsson(marie.skogrand@alver.kommune.no / mikkel.bengtsson@alver.kommune.no)

Dersom kommunen ikkje mottar eigenmeldingsskjema vil tilhøvet bli følgd opp etter føresegn om foryngingsplikt i skogbrukslova.

Utnytt skogfond og få skattefordelar:
Du kan finansiera planting med midlar frå skogfondskontoen din. Ved bruk av desse midlane får du ein betydeleg skattefordel. Les meir på www.skogfond.no

Utfyllande informasjon om foryngingskontroll og skogeigar si plikt til forynging
Skogeigaren skal sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd. Ved ein vanleg flatehogst i granskog må skogeigar sørga for å planta på nytt innan tre år etter hogsten. Det er og mogleg å bruka naturleg forynging der forholda ligg til rette for det. Det må då settast igjen eit tilstrekkeleg antall gode og stormsterke frøtre slik at den naturlege foryngninga som kjem opp vert sterk nok til å etablera seg. Der det er praktisk mogleg bør det og gjerast markberedning i samband med naturleg forynging. Ved naturleg forynging vil det som oftast ta meir enn tre år etter hogst før foryninga er etablert, men då er det viktig at det er gjort ein tydeleg tilrettelegging for naturleg forynging innan fristen på tre år.

Foryngingsplikta gjeld ikkje når skogareal vert omdisponert til andre formål enn skogsmark. Omdisponering av skogsmark til nydyrkingsformål må godkjennast av kommunen etter nydyrkingsforskrifta. Omdisponering av skogareal til innmarksbeite er ikkje søknadspliktig, men for at foryngingsplikta skal falle bort må omdisponering til innmarksbeite vere reell. Areala som omdisponerast frå skog til innmarksbeite vert kontrollert av kommunen tre år etter hogst.

Kommunen gjennomfører kvart år foryngingskontrollar på skogsmark som er hogd for tre år sidan. Dersom kommunen finn at foryninga ikkje er tilfredsstillande må kommunen vurdere om det er nødvendig å påleggje tiltak for å få til tilfredsstillande forynging.

Vedlegg: Egenmeldingsskjema for oppfølging av skogeiers foryngelsesplikt

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

| | |
|---|---|
| Laila Bjørge<br>Avdelingsleiar | Marie Victoria Rekdal Skogrand<br>Sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*